


TROLL OG STEIN



TROLL OG STEIN

Hensikt

I Troll og stein må barna vere aktive i høg intensitet for å unngå å bli forsteina av trollet. Dei må óg vere merksame på andre barn som er forsteina og prøve å fri dei.

Utstyr

Ingen krav til utstyr, men ein kan merke trollet med t.d. merkeband (skjerf eller lue).

Forklaring

1. Avgrens eit område for leiken.
2. Vel eitt eller evt. fleire barn som er troll. Dei kan gjerne ha merkeband.
3. Trollet/a skal no prøve å forsteine barna som spring fritt på leikeområdet.
4. Dersom trollet tek eit barn, blir dette forsteina og må sitje på huk som ein stein.
5. Barna blir fri igjen om eit barn hopper over det.
6. Greier trolla å forsteine alle barna? Hugs å byte på å vere troll etter ei stund.

Variasjon

- Leiken kan gjerne gjennomførast på ski.